

## UTKAST Møtereferat

Dato: 18. april 2024

<b>Emne:</b>	Næringsforum Vestland	
	<b>Medlemmer:</b> Bård Sandal (VLFK), Øystein Høyvik (KS), Roger Pilskog (LO), Kathrin Jakobsen (VLFK), Aslak Sverdrup (IN), Rigmor Fardal (FR), Gisle Nondal (BK), Helene Frihammer (NHO), Marit Myrstad (SIVA)	
<b>Til stades:</b>	Jens Kristian Fosse, (HVL), møtte for Geir Kåre Resaland Espen Børhaug, (Næringsalliansen), møtte for Monica Mæland  Sekretariat: Jone Engelsvold (VLFK)  <i>Gjestar: Nils Møllerup, Bergen Havn og Heidi Synnøve Gaustad, Grøn Region Vestland/IN</i>	
<b>Forfall:</b>	Geir Mikalsen, Christian Rekkedal, Margareth Hagen, Bjarte Hysing-Olsen	<b>Sak:</b> 12-19/24
<b>Møtetid:</b>	Kl. 09.00 – 11.00	<b>Møtestad:</b> Skoltegrunnskaien 1, Bergen Havn

Møteleiar: Bård Sandal  
 Referent: Jone Engelsvold

### Sak 12-24 Godkjenning av innkalling og agenda

#### VEDTAK

1. Næringsforum godkjenner innkalling og dagsorden til møte 18. april 2024.

### Sak 13-24 Referat frå møte i Næringsforum Vestland 22. februar 2024

Referat frå møtet i Næringsforum Vestland 22. februar var tidlegare sendt som utkast, og lagt fram i møtet for godkjenning.

Rigmor Fardal merka til referatet at vedlegget om «tema der koordinert mobilisering inn mot statsbudsjettet kan vere aktuelt» har ei formulering om klyngeprogrammet som kan gje inntrykk av eit ønskje om finansiering ut over den avtalte 10 års perioden. Klyngene er viktige, men dette er eit program med ein viss tidsperiode.

Det var semje om at arbeidet med næringsklynger og klyngeprogrammet er svært viktig. Innovasjon Norge vil gjerne presentere deira arbeide med dette på neste møte. Dette vart godt motteke.

Teksten i aktuell tabell er justert som følgje av innspel i møtet, slik:

#### Oversikt med tema der koordinert mobilisering inn mot statsbudsjettet kan vere aktuelt

Tema	Litt om bakgrunn	Anna å merke seg
Klyngeprogram	Innovasjon Norge skal prioritere å få på plass eit nytt klyngeprogram og ei ny utlysing i 2024. Det nye programmet skal prioritere å styrke og konsolidere mindre modne klyngemiljø. Viktig å sikre at resultat av klyngeprogrammet	Ny utlysing venta snarleg – i april

	og dei mange klyngene i Vestland vert teke i vare og vidareutvikla.	
Co2 kompensasjon/regelverk	Viktig for internasjonal konkurranse i industribedrifter. Veldig Vestlands relevant.	
Blått kvantesprang	Samle og utvikle viktige næringar i det grøne skiftet.	Nyleg lansert
Grønn plattform	Ikkje utlysing i 2024. Viktig for teknologiutvikling innan det grøne skiftet	Utlysing har vore samarbeid mellom Forskningsrådet, Siva og Innovasjon Norge, som har fått i oppgåve å vidareutvikle ordninga.
Finansiere innsats i følgje regional missions	Understøtte industriell symbiose og sirkulære løysingar som verktøy for grøn omstilling	Fylkeskommunane og KS har arbeidd saman om dette som grunnlag for koordinert innsats til liks med Grøn Region Vestland

VEDTAK

- Referat frå møtet i Næringsforum Vestland 22. februar 2024 vert godkjent med dei endringar som er referert i teksten over.

Sak 14-24 Orientering frå Bergen Havn – viktigaste saker i 2024

Marknadssjef Nils Møllerup i Bergen Havn gav ei orientering – med vekt på store endringar i arealbruken dei komande åra.

./. Kopi av presentasjonen følger referatet.

## **VEDTAK**

- ## 1. Næringsforum tok informasjonen om Bergen Havn til orientering

Sak 15/24

Barrierar for grøn omstilling - Grøn region Vestland

Bård Sandal innleia kort til saka før Heidi Gaustad presenterte status for arbeidet med barrierer for grøn omstilling i Grøn Region Vestland.

./. Presentasjon til Heidi Gaustad er vedlagt referatet.

I drøftinga på møtet vart det vist til at det vert gjort ein fantastisk jobb i Grøn Region Vestland og at prosjektet får stor og fortent merksemd. Fleira andre fylke følgjer etter. Næringsforum har både representasjon og styrke til å arbeide med dei aktuelle barrierane for grøn omstilling i fylket. Samansettinga med ulike roller gjer at ein kan jobbe med dette frå fleire ståstadar, som er veldig bra.

Når det gjeld barrierane på kraft så har NHO køyrt arbeidet «Kraft 2.0» saman med LO og andre. Det er også drøfta med Finans Norge – korleis ein kan sikre kapital inn til viktige prosjekt.

Areal er eit nøkkeltema for grøn omstilling. I drøftinga vart det vist til at det må søkjast gode løysingar. Kanskje må ein sjå nærrare på kva grøne hubbar som særleg vil utfordre vanskelege spørsmål og konfliktar knytt til arealbruk? Her har fleire ei viktig rolle, vart det hevda. Kommunane er arealplanmynde, og arbeider mykje med dette. Fylkeskommunen har drøfta spørsmålet om arealnøytralitet – med mål om berre ny næring der det har vært næring frå før. Spørsmålet er del av ei sak som skal til Fylkesutvalet 2. mai. Også Statsforvaltaren har ei viktig rolle i å finne gode løysingar, vart det sagt i møtet.

I møtet vart det gitt fleire svært gode tilbakemeldingar på arbeidet i Grøn Region Vestland. Eit viktig spørsmål vidare er korleis Næringsforum kan bidra til å gjennomføre strategien i Grøn region. Her vart det peika på at forumet kan bidra til å ta ansvar for utviklinga av prosjektet. Og at ein kan bidra til betre samhandling mellom dei involverte aktørane, for slik å styrke realisering og resultat. Korleis dette skal gjerast vil bli tema for komande møte i Næringsforum.

Til sist i drøftinga vart det vist til at Grøn Region Vestland etter kvart er godt kjend rundt om i landet og at dette arbeidet kan vere både arena og utgangspunkt for å drøfte strategiske problemstillingar som også er kopla mot nasjonale utfordringar.

#### **VEDTAK**

- 1. Næringsforum drøfta arbeidet med barrierar for grøn omstilling og gav fleire innspel til det vidare arbeidet som er referert over**

#### **Sak 16-24                      Aktuelle høyringar –punkt å vere merksam på i eige arbeide med innspel og prosessar**

Det var lagt fram desse høyringane:

- Forskingssystemet – systemmeldinga
- Forslag til reviderte statlige planretningslinjer for klima og energi
- Nye statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet
- I samspill med naturen - Naturrisiko for næringer, sektorer og samfunn i Norge

Rigmor Fardal gav på møtet ei orientering om høyringa til «System meldinga». Ho la vekt på at høyringa tek utgangspunkt i nokre sentrale samfunnsutfordringar og reiser spørsmål om kva forskingssystem som må utviklast for å møte desse. Høyringa er del av ein lengre prosess fram mot eit endeleg vedtak av nytt forskingssystem, venteleg i 2025.

Det var elles semje om at dei to meldingane om arealbruk og om naturrisiko er svært relevante for arbeidet med grønt skifte og barrierane som var til drøfting i sak 15-24.

#### **VEDTAK**

- 1. Næringsforum drøfta aktuelle høyringar med frist mai og juni 2024**

## Sak 17/24

### Referatsaker

Det var lagt fram ei referatsak om Eksportkonfertansen 2024. Denne var planlagt 7. mai i Bergen, men er no utsett til hausten 2024.

#### VEDTAK

- **Næringsforum tek informasjonen til orientering**

## Sak 18/24

### Tidlegfasefond – behov og løysingar

Som vedlegg var det lagt fram ei sak om tidlegfasefond i Næringsutvalet i Vestland. Bård Sanddal gav ei kort orientering om denne, og vart innleiingsvis supplert av Gisle Nondal. Han viste til at ein også i Bergen kommune drøftar dette spørsmålet no. Politisk er det positiv vilje til å gå nærmare inn i dette, men det vert også arbeidd med avklaringar av kva behov ein skal møte og kva modell som er best tent til å møte dei utfordringane som er reist fram. Både Vestland fylkeskommune og Bergen kommune ønskje innspel til arbeidet, gjerne med vekt på kva «hol i verkemiddelapparatet» som bør tettast i samanheng med dette.

I drøftinga kom det fram ei generell positiv haldning til å styrke arbeidet med tidlegfase fond for bedrifter. Det kom også fram synspunkt at eit slikt fond ikkje finansierer løysingar og innovasjonsidear som allereie er godt representert i marknaden. Arbeidsdeling mellom ulike aktørar er derfor eit stikkord.

Viktig er det også å vurdere om det faktisk er eit slikt «hol i verkemiddelapparatet», eller om det mest handlar om aktørar som ikkje når opp i konkurransen om finansiering frå kjelder som alt er tilgjengeleg.

Fleire har hevda at det er eit «finansieringsgap» i Bergensområdet som er tetta i Rogaland og nord i Vestland gjennom slike tidlegfase fond. Dette vart også trekt fram i møtet. Ein workshop mandag 6. mai skal drøfte kva som er gapet og korleis det kan tettast. Fleire vil delta her.

Både Bergen kommune og Vestland fylkeskommune vil arbeide vidare med kva rolle ein kan ha i dette arbeidet og kva modellar som er mest aktuelle. Kan hende vil det vere behov for nye drøftingar med Næringsforum i komande møte

#### VEDTAK

#### 1. Næringsforum drøfta arbeidet med tidlegfasefond

## Sak 19-24

### Gode grep i arbeidet med Næringsforum

Det var laga eit notat som følgde saka. Jone Engelsvold gjekk kort gjennom dette på møtet.

I drøftinga peika medlemer i Næringsforum på at

- Dei som møter i Næringsforum bør representere heile fylket innan sitt område/ansvar
- Det er ikkje bra med for stort med omskifte av folk.
- Det bør vere leiar for organisasjonen som møter – kanskje med ein fast vikar. Slik er det mest tydeleg at det er organisasjonen som deltek – og at leiar representerer dette gjennom si rolle.
- For nokre er det meir rett å møte med fagansvarleg, ikkje øvste leiar. KS kan vere døme her.

- Ikke ønskjeleg med si større gruppe enn den som møter no.
- Det er ikkje ønskjeleg med undergrupper med utval av forumet sine medlemer for å jobbe fram saker til drøfting i plenum. I staden er det viktig å bruke fagfolk i eksisterande arbeidsgrupper og einingar/etatar – som t.d. FoU forum Vestland eller tilsvarende.
- Viktig å drøfte korleis ein kan dra best mogeleg vekslar på krafta i eit slik forum som dette.
- Oppmodar til å lage ein plan for møta
- Viktig å sikre at store viktige prosjekt og prosessar som utviklar seg i Vestland kjem «innom» Næringsforum, slik at forumet kan bidra til at desse utviklar seg riktig og lukkast.
- Grøn Region, One Ocean, arbeidet med inkludering – dette er døme på slike store viktige prosjekt og prosessar, men ikkje ei uttømmande liste.
- Eit møte bør vere enten fysisk eller digitalt.
- Fysiske møter bør gjerne vere minst 3 timer når ein først skal reise.
- Digitale møte kortare.
- Det er viktig av og til å ha møta ute hos relevante næringsaktørar. Eit slikt møte er planlagt i september.

## VEDTAK

### 1. **Næringsforum drøfta arbeidet i 2024 og korleis styrke samarbeidet rundt felles mål**

*Etter møtet deltok fleirtalet av Næringsforum sine medlemer på arrangementet [Ocean Odyssey](#) om ulike tema innan havnæringane som gjekk føre seg på seglskuta Statsråd Lehmkühl.*